



KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2008 - 2012

VIK KOMMUNE



Vik A-lag, våren - 08.

Foto: Svein Inge Wold

OVERORDNA MÅL:

Vik kommune vil leggja til rette for eit allsidig, helsefremjande tilbod innan idrett og friluftsliv for **alle** innbyggjarane.

Born og ungdom er særleg prioriterte grupper.

I samarbeid med skulane, idrettslaga og bedrifta Vik Aktiv, vil kommunen leggja til rette for idrett på høgt nivå. Vik fotball er i 3 divisjon, og det vert soleis viktig med satsing for å halda greia å halda oppe nivået.

Den økonomiske stoda til kommunen avgrensar handling rommet, og gjer at ein må prioritera tiltak som ein faktisk greier å gjennomføra.

STRATEGIAR:

1. Me skal prioritera drift, vedlikehald/rehabilitering og bygging av anlegg slik at born og unge kan driva allsidig aktivitet.
2. Samarbeid om bruk av uteområde på alle skuleområde som gjev plass til eigenorganisert aktivitet.
3. Prioritera bygging av turvegar som aukar trivselen for **alle**
4. Opparbeida og ta vare på nærmiljøanlegg

FORORD

Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er områda som engasjerer mange menneske på fritida. Offentlege myndigheiter og den friviljuge idretten samarbeider på alle nivå for at innbyggjarane skal få best moglege tilhøve for å driva idrett og fysisk aktivitet, både i organiserte og i eigenorganiserte former.

Idrettsfeltet er organisert politisk og administrativt på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. På alle nivå er det eit samarbeid mellom offentlege myndigheiter og den friviljuge idrettsrørsla.

I " Lov om offentlige styresmaktens ansvar for kulturverksemd" av 29.06.2007, heiter det m.a. følgjande:

§ 1. Føremål

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

§ 4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

§ 5. Felles oppgåver

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for:

- At kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- Å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar
- At personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Innhold:

1. Innleiing og bakgrunn

- 1.1 Bakgrunn for planarbeidet
- 1.2 Plankrav
- 1.3 Planprosessen
- 1.4 Spelemidler
- 1.5 Arbeidsprosessen

2. Status

- 2.1 Resultatvurderingar
- 2.2 Hovudmål
- 2.3 Hovudmål for friluftsliv
- 2.4 Prioriterte satsingsområde

3. Forhold til andre planar

- 3.1 Kommuneplan og økonomiplan
- 3.2 Folkehelse
- 3.3 Døme på tiltak
- 3.4 Oppslutnad om ulike aktivitetar

4. Nositasjonen i Vik kommune

- 4.1 Anleggsstatus for Vik kommune 2008
- 4.2 Sikring av areal til anlegg
- 4.3 Medlemmar i lag og klubbar i Vik kommune
- 4.4 Bandlagde areal
- 4.5 Nye område - regulerte til idrett og friluftsliv

5 Analyse av behov for aktivitet og anlegg

- 5.1 Ynskje om nye anlegg/vedlikehald

6 Definisjonar og kommunal prioritering

- 6.1 Definisjonar
- 6.2 Regionalt samarbeid

6.3 Kriterium for den kommunale prioriteringa for vidare anleggsutbygging

6.4 Prioritering av anlegg i komande 4-års periode

7 Mål og strategiar

7.1 Nasjonale mål og strategiar

7.2 Friluftsliv

7.3 Fysisk aktivitet og folkehelse

7.4 Universell utforming

7.5 Regionale mål og strategiar

7.6 Førebyggande arbeid for born og unge

7.7 Kommunale mål og strategiar

8 Økonomi og handlingsprogram

8.1 Økonomi

8.2 Handlingsprogram

1. INNLEIING OG BAKGRUNN

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Kulturdepartementet set krav om at kommunane skal utarbeida kommunale planar for idrett og fysisk aktivitet. Friluftsliv går under omgrepet fysisk aktivitet. Planen er utarbeidd i samsvar med retningslinjene frå Kultur og Kyrkjedepartementet (V-0798B).

Sikra areal til friluftsliv i nærmiljøet, og sikra at større samanhengande naturområde ikkje vert reduserte.

Ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er eit politisk dokument, og difor eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål på dette feltet. Departementet stiller krav om at planen inneheld vurderingar av mål og resultat av førre plan.

Departementet sitt føremål med planen er:

- sterkare kommunal styring av anleggsutbygging
- klårare prioritering i kommunen
- utvikling av anlegg sett i større og heilskapleg perspektiv

Planarbeidet har basis i Kommuneplanen 2008 - 2012, som trekkjer opp kommunen sine visjonar og verdiar for framtida. Denne planen er under rullering, og skal vera ferdig i 2009. denne planen er og forankra i kommunen sin økonomiplan. I tillegg til dette er både Ruspolitisk handlingsplan og Plan for folkehelse sentrale dokument i Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Prognosane for folketalsutviklinga i Vik er negative. **Kommunestyret seier i planen at barn og unge skal vera eit satsingsområde.**

Fysisk aktivitet for born og unge vert sett på som svært viktig for den generelle utviklinga til borna. Det gjev og identitet til lokalmiljøet.

I Soria Moria - erklæringa framhevar regjeringi at det førebyggjande arbeidet må styrkjast, også ut i frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Eit godt oppvekstmiljø vert skapt gjennom eit tett samspel mellom kommunen og positive krefter i lokalsamfunnet, t.d. friviljuge organisasjonar, foreldre, born og unge sjølv m.fl. Engasjement og trygge møteplassar skaper og opprettheld levande lokalsamfunn. Det er viktig at **alle** born og unge får høve til å ta del i slike møteplassar.

Idrettslagi er **ein svært viktig faktor** i det førebyggjande arbeidet i Vik kommune. Det er etablert gode nærmiljøanlegg i alle bygdelag. Vik Idrettspark står no for tur, og har stort potensiale på både organisert aktivitet, men og som god, uformell møteplass for born og unge. Difor er det svært viktig at ein kjem i gang med rehabilitering/opprusting av idrettsparken slik planane ligg føre i forprosjektet. Vik har no fotballag i 3.divisjon. Det er umåteleg viktig med vidare satsing no både for å halda oppe nivået og ikkje minst for å halda på rekrutteringi.

1.2 Plankrav

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein temaplan, og ein delplan som er utarbeidd som ein del av den samla kommuneplanleggingi for Vik kommune.

Kommunen er inne i rullering av kommuneplanen. Prosjekt som er med i handlingsprogrammet skal vera avklara gjennom arealdelen i kommuneplanen.

Planen skal reviderast og rullerast i samsvar med det kommunale plansystemet. Ein revisjon er definert som ein ny plan med fullstendig sakshandsaming etter §20-5 i Plan og Bygningslova. Vesentlege endringar av planen t.d. heilt nye, større anlegg eller

mindre anlegg som ikkje er i samsvar med planen si målsetting, og vert teken inn i planen, krev revisjon.

Med rullering er meint mindre vesentlege endringar av handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet i kommuneplanen for idrett og friluftsliv skal rullerast kvart år.

Planen skal vera eit styringsverktøy for anleggsutbygginga og fordeling av statlege midlar.

Kommunedelplanen i Vik kommune skal medverka til å:

- Gjennomføra ei plan og målstyrt utbygging av anlegg, og leggja til rette område for idrett, friluftsliv og leik.
- Sikra areal for nærmiljøanlegg, friluftaktivitetar og samordne behovet for desse.
- Planen skal setja opp mål for kommunen sine prioriteringar i arbeid med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i komande planperiode.
- Planen skal gje oversikt over tilstanden til idrettsanlegga.
- Planen må sjåast i samanheng med kommuneplanen og andre kommunale delplanar.

1.3 Planprosessen

Det vart ikkje oppretta noko plannemnd for rullering av planen verken i 2002 eller i 2005. Slik er det og med rullering av planen i 2008.

Sidan planen for 2006 - 2009 framleis gjev ei god oversikt over idrettsanlegga og friluftsområda, har rådmann ved denne rulleringa, henta inn informasjon frå lag og organisasjonar og teke med i planen dei endringane som har skjedd.

Planen har lege ute til offentleg høyring i perioden 15.09 - 27.10.08.

Ansvar for utarbeidinga av skrifteleg plandokument har vore ungdomsleiar og helsekoordinatoren.

Etter reglane i Plan og bygningslova må ein sikra at det vert stor grad av medverknad ved utarbeiding av planar som dette.

Idrettsrådet og idrettslaga har lagt fram sine ynskje og behov for nye anlegg eller rehabilitering av gamle.

1.4 Spelemidlar

Staten yter tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg skal vera med på å gje ein infrastruktur som gir innbyggjarane høve til å driva både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den friviljuge medlemsbaserte idretten.

Søknader om spelemidlar vert sendt gjennom kommunen. Kommunedelplanen for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er det styrande dokumentet når det gjeld prioritering av søknadene. Sogn og Fjordane fylkeskommune set opp oversikt over innkomne søknader, som vert sendt til Kultur og Kyrkjedepartementet. Ut i frå dette fastset departementet râmene til fylkeskommunen, som avgjer detaljfordelingi av spelemidlane til kommunane og dei einskilde anleggi.

2. STATUS

2.1 Resultatvurderingar

Følgjande tiltak er gjennomførde i høve til den tidlegare planen og i perioden 2000 - 2008:

- Turkart med merka løyper for heile kommunen. Det er sett opp informasjonstavler

- Skianlegget Kålsete (mesteparten av dette er ferdig).
- Opparbeiding av tursti Ortnevik - Vollevik
- 1.byggetrinn på nærmiljøanlegget ved Flatbygdi er ferdig
- Rehabilitering av Målsethytta
- Scansisløkke Flatbygdi skule
- Scansisløkke Feios skule
- Scansisløkke Vangsnes skule
- Scansisløkke Fresvik skule
- Balløkke ved Valsvik skule er bygd på dugnad, og bygdelaget har fått tippemidler til kunstgras og lys.

Følgjande tiltak er ikkje gjennomførde:

- Opprusting/rehabilitering av Vik Idrettspark:
 - kunstdekke løpebana
 - garderobe, lager og aktivitetsbygg
 - tribune
 - kunstgrasbane Øyane
 - klubbhus og toalett v/kunstgrasbana
 - 7-arbane grus/skøytebane Øyane
 - friområde/bålplass
 - nærmiljøanlegg/hinderløype
 - sandvolleyballbane
 - joggeløype
 - trafikkområde
- Badeplassane Ligtvor og Djuvik er ikkje opprusta
- Opprusting av grusbana på Feios stadion
- Sentralt skytebaneanlegg - Svidlangmyri
- 2 og 3 byggjesteg ved uteanlegget/nærmiljøanlegget ved Flatbygdi skule
- Sentrumsnær badestrand
- Utbetring av lysløypa i Aafedtdalen
- Ny funksjonærbu Aafedtdalen m/ kjøken og toalett.
- 2 byggjesteg som gjeld leikeområdet ved Feios skule og barnehage

- Følgjande turvegar:
 - Hopperstad via Kålhagen til Hove (ca 750 m ny veg. Inkludert ny gangveg over Hopra)

Fleire av tiltaki som ikkje er gjennomførde er tekne inn att i handlingsprogrammet. Av omsyn til kommunen sin økonomi, må og nokre av tiltaki setjast ut i tid.

2.4 Prioriterte satsingsområde:

Prioriterte satsingsområde i planperioden vert:

- Turvegar i Vik
- Vik Idrettspark

Det er viktig at ein ser plan for idrett og friluftsliv i samanheng med andre delplanar i kommuneplanen, m.a. " Plan for folkehelse" og " Ruspolitisk handlingsplan". Godt prioriterte tiltak i idrett og friluftsliv gjev heilt klart helsegevinst, og er gode førebyggjande tiltak for **alle**.

3 FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

3.1 Kommuneplan og økonomiplan

Kommunen er inne i rullering av kommuneplanen. Prosjekt som er med i handlingsprogrammet skal vera avklara gjennom arealdelen i kommuneplanen og lagt inn i økonomiplanen.

3.2 Folkehelse

Strategiane for å styrkja folkehelsa femner vidt, og omfattar alle områdi i samfunnet. Dvs ein har folkehelse i skulen, barnehagen, på arbeidsplassen, i fritidi, i lokalsamfunnet og i heimen. Helse og Omsorgsdepartementet har følgjande uttale om folkehelsearbeidet:

" Folkehelsearbeidet er sektorovergripende og omfatter tiltak i mange samfunnssektorer med tanke på å:

- utvikle et samfunn som legger til rette for positive helsevalg og sunn livsstil*
- fremme trygghet og medvirkning for den enkelte og gode oppvekstvilkår for barn og ungdom*
- forebygge sykdommer og skader" (www.folkehelse-regjeringen.no)*

Regelmessig fysisk aktivitet fører til overskot og er ei kjelde til trivsel i kvardagen. Utviklingi i dag er mindre fysisk aktivitet knytt til ulike område. Dette var bakgrunnen for at regjeringi i 2004 la fram handlingsplanen " *Saman for fysisk aktivitet 2005 - 2009*". Stillesitjande aktivitet framføre skjerm og auka bilbruk er med dei viktigaste årsakene til mindre fysisk aktivitet. Redusert aktivitet medverkar til overvekt og sjukdomsutvikling, og er i ferd med å verta eit folkehelseproblem. Hovudutfordringi i folkehelsearbeidet er å motivera inaktive til aktivitet, samt å leggja til rette for at alle kan vera aktive i dagleglivet.

Folkehelseprogrammet er eit nasjonalt program. Målet med programmet er eit aktivt folkehelsearbeid, der førebygging og faktorar som er viktige for folkehelsa, er prioriterte oppgåver. Sogn og Fjordane er eit av "fyrtårnsfylka" i staten si satsing på partnarskap for folkehelse.

Vik kommune har vedteke å delta i det nasjonale folkehelseprogrammet gjennom ein partnarskapsavtale med fylkeskommunen.

I planen for folkehelsearbeidet 2007 - 2011, har kommunen prioritert barn og unge, og lagt vekt på fysisk aktivitet, rus og tobakksførebygging og psykisk helse. Kommunen arbeider med å verta etablert som MOT - kommune. Det er oppretta folkehelsegrupper inn mot kvart einskild satsingsområde. Desse

gruppene skal både vera rådgjevande organ og ein møteplass for utveksling av idear og utvikling av nye prosjekt.

3.3 Døme på tiltak

Folkehelsegruppene (i samarbeid med politirådet) har sett i gang undersøking av kosthald og fysisk aktivitet for elevane på skulane i kommunen. Resultatet av denne undersøkingi skal presenterast for foreldre. Gruppene har og gjennomført kurs i slalåm på Vik skisenter, klatrekurs i Blixhalli, og kurs i fotball. Desse kursi er gjennomførte i skuleferiane. Planane er å halda fram med slike kurs for born og unge, knytt til skuleferiane.

I tillegg har Vik kommune hatt ungdom på sommarjobb som har gjennomført merking av turstiar i kommunen.

3.4 Oppslutnad om ulike aktivitetar

Vik kommune har lang tradisjon på å vera ein kommune med høg aktivitet innan idrett og friluftsliv. Personar som trenar minst ein gong i veka, vel ofte aktivitetar som går føre seg ute, og som kan organiserast på eigi hand.

Dei mest populære mosjonsaktivitetane er fotturar, sykling, jogging og skigåing. Vik skisenter er eit flott tilbod for både aktive og mosjonistar. Vik fotball er den største gruppa i Vik Idrettslag, med 240 aktive medlemmar.

Å trena inne i Blixhalli er og svært populært, noko som syner att m.a. i at hallen er oppteken stort sett heile tidi. Trimkarusellen har vore i drift i fleire år, og er svært populært for folk i alle aldrar.

Uansett treningsform er dei viktigaste motivi for å trena, å koma i betre fysisk form, mentalt overskot og glede.

4 NOSITUASJONEN I VIK KOMMUNE

4.1 Anleggsstatus for Vik kommune 2008

Kort omtale av tilstand og behov for istandsetting eller nye tiltak.

Arnafjord:

Turstiar: Gamle Tennevegen.

Det er laga turkart med informasjon om turområde/stiar.

Rundøyri: Friområde med ballplass og badeplass. Tilstand: fint opparbeidd

Tenne skytebane: Eigar: Arnafjord skyttarlag. Byggeår: 1978, overbygg på standplass er frå 1984. Tilstand: Arnafjord skyttarlag har planar om oppgradering av skytebana. Bana har i dag 6 doble skiver på 100m og 6 doble skiver på 300m.

Skyttarlaget har planar om utbetring til elektroniske skiver, oppgradering av kulefangvoll og betring av vegen opp til bana.

Valsvik skule: Balløkke og leikeområde. Tilstand: god

Vik:

- **Badeplassar:**

Ligtvor: Eigar: Årleg leigeavtale med grunneigar.

Type anlegg: Naturleg badestrand

Teknisk stand:- ikkje tilgjengeleg for funksjonshemma eller barnevogner

- ikkje parkeringsplass for bilar
- ikkje skilt som opplyser om badeplass/friareal
- ikkje toalett

Bruken av området: vert brukt, men mange dreg til Svolsviki for å bada. Vegen frå Vik er smal og uoversikteleg, men trafikken er mykje mindre enn på Vangsnesvegen.

Djuvik:

Eigar: Vik kommune leiger området. Leigetida er på 50 år frå 1992.

Byggeår: Området vart delvis opparbeidd i 1992.

Type anlegg: Delvis opparbeidd friområde

Teknisk stand: - dårleg tilkomst for eldre, funksjonshemma og barnevogner

- ikkje toalett

Bruken av området: Badeplassen vert lite nytta av folk frå Vik på grunn av tilkomsten. Trafikkfarleg veg for syklende born. Vert meir nytta av folk frå Vangsnes og turistar. Området krev ei kraftig opprusting for at det skal fylla krava til ein skikkeleg badeplass.

Svolsvik:

Eigar: Privat eigd, ingen leigeavtale med Vik kommune.

Type anlegg: Naturleg badestrand (rullestein)

Teknisk stand: - Ikkje tilgjengeleg for funksjonshemma eller barnevogner

- ikkje parkeringsplass for bilar

- vegen frå Vik er smal og uoversiktleg, og stien

ned til

stranda er dårleg

- ikkje skilt som opplyser om badeplass/friareal

- ikkje toalett

Bruken av området: Dette er den stranda som vert mest nytta.

Felles for alle badeplassane: Skal dei verta tillokkande for brukarane må dei opparbeidast til fullgod standard. Det

kommunale engasjementet må vurderast i høve til bruken/tilrettelegging/midlar m.m.

- **Vik Idrettspark:**

Eigar: Vik kommune

Type anlegg:

Byggeår:

- | | |
|--|---------|
| - 1 stk fotballbane, gras | 1973 |
| - 1 fotballbane, grus | 1987 |
| - 1 rundlaupsbane, hopp, kast | 1973 |
| - 2 ballslette a 50x25 m | 1992 |
| - 1 turveg | 1992 |
| - sandvolleyballbane | 2004/05 |
| - 1 klubbhus, møterom, kiosk, speakeranlegg, reiskapslager | |

Teknisk stand: Klubbhuset er lite og i relativt dårleg stand. Toaletta er utrivelege. Ein nyttar garderobane i Blixhalli ved større arrangement og kampar.

- **Kålhagen friområde:**

Eigar: Vik kommune

Byggeår: 1994

Type anlegg:

- tursti m.m.

Teknisk stand: Storparten av området vert nytta av rideklubben. Tidlegare var badedammen i Hopra i bruk. Denne er no ute av bruk grunna til tider manglande vassføring og ureining. Området har stort potensiale som eit flott nærmiljøanlegg, særleg dersom ein får "liv" i Hopra att.

- **Kålhagen rideanlegg:**

Eigar: Vik kommune/Vik jordbrukslag/Vik sau og geitelag. Vik ride og køyreklubb er leigetakarar.

Type anlegg: Byggeår:

- 1 stk ridebane, 60x20 m 1993

- 1 stk ridesti 600 m 1993

- hovudbygning: 2 stallar, reiskapslager, og open garasje i 1.etg.

Høylager, møterom og enkelt kjøkken i 2 etg.

- klubbhus med lite møterom, garderobe, dusj og toalett.

- stabbur nytta som høyløe

- overbygd uteplass, bygd i 1999.

Teknisk stand: Heile anlegget er i god stand.

- **Lysløype på Storehaug**

Type anlegg: lysløype ca 2 km

Eigar: Vik Idrettslag eig det tekniske anlegget og har avtale med fleire grunneigarar.

Teknisk stand: Løypa er ok som treningsløype.

- **Kålsete skianlegg**

Type anlegg:

- 5 km lysløype

- skiskyttararena

- nærmiljøanlegg

- hoppbakkar: K 25

K 40

K 60 er under arbeid

- 300 m langt skitrekk m/lys i alpinbakken

- skihytte m/ lager

- asfaltløype

Eigar: Vik IL

Teknisk stand: Nytt, flott anlegg for både born og vaksne. Til nærmiljøanlegget er det bygd ein Lavvo. Området har god tilkomst for funksjonshemma. Gode høve for parkering av bil. Ny, fin skihytte.

Vangsnes

Uteområdet ved Vangsnes skule

Type anlegg: Friareal med:

- turstiar
- leikeareal
- ballplass, grus
- Scansisløkke
- plen/grøntareal
- 100 m løpebane
- hoppgrøp m/tilløp

Skianlegg:

Eigar: Vangsnes bygdelag

Type anlegg

byggeår

- bakke K 25 og bakke K 15

1990

- Lysløype ca 1 km

Feios

Åfetdalen lysløype

Eigar: Feios IL leiger av fleire grunneigarar på 40 års festekontrakt

Type anlegg

byggeår

- Lysløype, 2 km

1983

- funksjonærbu utan kjøken

Teknisk stand: problem med overflatevatn i løypetraseen.
Funksjonærbui er i svært dårleg stand.

Feios stadion:

Eigar: Feios IL

Byggeår: 1965

Teknisk stand: Anlegget er ikkje i bruk. På ekstraordinært årsmøte den 30.11.06, har Feios IL framlegg til bruk av anlegget. Vik kommune har i brev av 29.12.06, gjeve ei tilbakemelding til Feios IL på bruk av dette anlegget.

Badeplass:

Opparbeidd ved Feios skule. Badeplassen er fin og mykje brukt.

Nærmiljøanlegg:

Balløkke på området v/Feios skule.

Fresvik

Modig stadion

Eigar: Modig IL

Type anlegg

byggeår

- fotballbane, gras

1973

- rundlaupsbane

1975

- klubbhus m/garderobar, badstu, sekretæriatrom, kjøken og møterom. Rehabilitering av stadion vart avslutta våren 1999.

Teknisk stand: god

Lysløype: 1,5 km

Eigar:

Byggeår

Modig IL leiger grunn av fleire grunneigarar 1990
Teknisk stand: Ikkje trong for rehabilitering enno.

Skihytta Skard m/varmebu:

Hytta ligg i Kyrkjeteigen, tett attmed Skardstjørna. Hytta er plassert ved utfartsområdet i Skard og er lett tilgjengeleg både sommar og vinter. Sjøelve hovudhytta er frå 1938, men er godt halde vedlike. Annekset (varmebui) vart ferdigstilt i 1990. Hytta kan leigast etter avtale med idrettslaget.

Jashaugbu i Fresvik - Jordalen:

Dette er ei lafta hytte plassert på Øvstedalsleitet. Hytta har overnattingsplass til 6 personar, og vart teken i bruk i 2002. Frå 2008 har Vik Turlag inngått langsiktig leigeavtale med IL Modig om bruk av hytta til turlagshytte. Hytta er no gjort kjend gjennom DNT sine publikasjonar.

Badeplass i Fresvik:

Eigar: Vik kommune leiger av ein grunneigar, men har inngått avtale om vedlikehald av vegen til badeplassen, med fleire grunneigarar. Leigetida er 25 år frå 1995. Teknisk stand: ferdig opparbeidd. Parkering på kaien. Trong for grusing av vegen til badeplassen.

Tursti:

Fresvik bygdalag har kome med ynskje om tursti kring tjørna i Skard på Fresvikåsen, og oppgradering av tursti langs Storeelvi.

4.2 Sikring av areal til anlegg

Sikring av areal er ein grunnleggjande føresetnad ved tilrettelegging for idrett og friluftsliv.

Plan og bygningslovi legg til rette for sikring av areal på to plannivå:

1. Arealdelen i kommuneplanen bind arealbruken til aktuelt føremål
2. Regulerings og utbyggingsplanar. Slikt planverktøy vil vanlegvis vera naudsynt ved erverv av areal ved tvang.

I delplanane for Arnafjord, Vik, Vangsnes, Feios og Fresvik er areal for anlegg til idrett og friluftsliv innteikna.

4.3 Nye område - regulerte til idrett og friluftsliv

- Svidlangmyri på Vangsnes - nytt skytebaneanlegg
- Vik idrettspark (grunnspørsmålet for området mellom banene er ordna)
- Monken - Vangsnes

• Bandlagde Areal

Planområde	Plan	Føremål
Vik	Prestberget/øyane	idrettsplass
	Ligtvor	bade plass
Vangsnes	Djuvik	bade plass
	Ikornhaugen	Friareal/skianlegg
	Skåramyri	Skianlegg
Feios	K.delplan	Idrettsplass/skule
Fresvik	K.delplan	Idrettsanlegg

Svolsviki er i arealdelen i kommuneplanen sett av som område for friluftsliv, med krav om reguleringsplan.

5. ANALYSE AV BEHOV FOR AKTIVITET OG ANLEGG

5.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklingi i Vik var etter siste kommuneregulering om lag 3100 personar (innbyggjartalet steig då frå vel 2500 til om lag 3100). Pr 01.01.08 hadde Vik kommune eit innbyggjartal på 2809 (1396 menn og 1413 kvinner). Pr 01.07.08 var innbyggjartalet 2795. Prognosane syner og at det vert fleire eldre som og vil ha behov for tilrettelagde anlegg for friluftsliv og fysisk aktivitet.

Det avgjerande er likevel å ha tilbod til born og unge, og leggja til rette for at born og unge føler seg inkluderte i lokalsamfunnet. Det er av stor, førebyggjande verdi!

Dette er og i tråd med slik statlege prioriteringar. Staten legg opp til at bruken av spelemidlar skal prioriterast på barn 6 - 12 år og ungdom 13 - 19 år. I retningslinjene for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet, heiter det m.a. følgjande:

" Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal utøve idrett og fysisk aktivitet. Anleggstyper som harmonerer med aktivitetsprofilen til barn og ungdom prioriteres spesielt"

5.2 Ynskje om nye anlegg/vedlikehald

Idrettsrådet og idrettslagi har meldt inn sine ynskje/behov for nye anlegg eller opprusting av gamle. I tillegg har administrasjonen kome med framlegg vedkomande kommunale område for friluftsliv. Grunnlaget her er tufta både på faktisk bruk av nokre anlegg som vidare fører til trong for rehabilitering, samt både utarbeiding av forprosjekt frå Bystøl AS og prosjektet " Samordning for utvikling rundt kulturminne i Vik". I tillegg byggjer framtidige behov sjølvsgagt

også på realisme i høve til kva ein faktisk greier å få gjennomført i lys av den faktisk økonomiske stoda i kommunen.

Vangsnes:

Sentralt Skyteanlegg på Svidlangmyri

Det er gjort vedtak i kommunestyret om at ny skytebane i kommunen skal liggja på Svidlangmyri. I dag er situasjonen at det berre er skytebana på Tenne som er brukbar i samband med skytetrening/skyteprøve.

Fridjovsparken:

Det er trong for vedlikehald av parken.

Arnafjord:

- Rundøyri: Bygdelaget har ynskje om å utvikla området meir. Det er inngått avtale med Vik kommune om offentleg toalett og rydding av området.

Vik:

- **Vik Idrettspark:** På oppdrag frå Vik IL, har Bystøl as utarbeidd planar/forprosjekt for rehabilitering/opprusting av Vik Idrettspark. Banedekket på løpebana er i svært dårleg stand. Det er sterkt ynskje om toalett ved grusbana. I planane (forprosjektet) om rehabilitering/opprusting av Vik Idrettspark, utarbeidd av Bystøl as frå nov 07, er m.a. dette teke med. I forprosjektet ligg det og planar om opparbeiding av nærmiljøanlegg (området mellom banene). I reguleringsplanen for Vik sentrum/Flatbygdi er det lagt til rette for

eit samla friområde frå og med grusbana i nord til Prestevegen i sør.

- **Nærmiljøanlegg: (mellom banene, Vik Idrettspark)**
Vik kommune har lang tradisjon på å vera ein kommune eit mangfaldig lag og organisasjonsliv. Gode nærmiljøanlegg innbyr og til uformell leik og aktivitet. Uteområdet på Flatbygdi skule er i denne samanhengen eit samslingspunkt med stor aktivitet, heile året. Ein ser faktisk at området treng avlastning, då det til tider (særleg i skulen sine feriar), faktisk er i det meste laget av born og unge. Difor vil det vera av stor verdi å få fart på nærmiljøanlegget knytt til Vik Idrettspark (området mellom banene). Å ha gode nærmiljøanlegg som skapar grobottn for uformell aktivitet, gjev og verdi til den organiserte aktiviteten

- **Turstiar:**

Flatbygdi har ikkje i dag noko samanhengjande og bilfritt turvegnett av akseptabel standard. Berre kortare strekningar kan trafikkerast med rullestol. Attgroing og manglande vedlikehald er eit problem på ein del opparbeidde strekningar. Turvegar i Flatbygdi i Vik inngår som eit viktig delprosjekt i prosjektet " Samordning for utvikling av kulturminne i Vik". Prosjektet inngår i KRD si " småsamfunnssatsing". Prosjektperioden er førebels 4 år frå 2007.

I reguleringsplanar som er under arbeid vert det lagt til rette for eit samanhengande turstinett med desse hovudtraseane:

1. Langs Hopra frå sjøen til Hønsi. Ca 2 km.
2. Tverrsamband: Hopperstad via Kålhagen og Moahaugane til Hove.
3. Langs Vikja frå sjøen til Hove. Ca 2 km.

Det er føresett opparbeiding til ein standard som tilfredsstillar krav til turvegar. I Kultur og

Kyrkjedepartementet sin rettleiar, V-0939 av 2008, heiter det m.a. at vegbreidde skal vera minimum 2m, reguleringsbreidde minimum 3m, og grusdekke av god kvalitet. Det er tenkt opparbeidd rasteplassar langs vegane, med enkel og robust møblering.

Det er føresett god skilting med tanke på turstiar. Det er og føresett lys i form av ledelys frå låge armaturar, på deler av vegnettet.

Vegnettet tangerer Flatbygdi skule, Vik barnehage og Vik Idrettspark. Vegnettet tilbyr trygg tur- og trimløype for skule og barnehage, for brukarar av idrettsanlegget, og vanlege turgåarar.

Tverrsambandet Hopperstad - Moahaugane - Hove er føresett opparbeidd som ei "historisk vandring" med ekstra skilting og informasjon langs vegen. Vegnettet opnar opp tilgjenge til kulturlandskap og kulturminne som i dag er dårleg tilgjengelege. Turvegane er difor eit løft også for *reiselivet* i Vik.

Feios:

- Ynskje om å byggja kjøken i funksjonærbui ved Åfedtdalen lysløype, i tillegg til eit tilbygg for oppbevaring av snøscooter. Det er og ynskje om å byggja toalett og varmestove.
- Ynskje om opprusting av grusbana på Feios stadion

Badeplassane:

Ligtvor, Djuvik og Svolsviki:

Som offentlege tilgjengelege friområde og badeplassar stettar dei ikkje minstekravi.

Difor er det svært viktig med ny badeplass. Opprusting av badeplass i Vik sentrum (området v/ Kristianhus) er planlagt, og heng saman med reguleringsplan for Vik sentrum. Tiltaket er

dels finansiert med kr 1.mill frå Direktoratet for naturforvaltning. Vik kommune har frist til mai/juni i 2009 på å realisera planane og å løysa ut desse midlane.

Realisering av planane med sentrumsnær badeplass er viktig fyrst og fremst for innbyggjarane i vik, særleg for born, ungdom og funksjonshemma. Vegen til dei andre strendene (Ligtvor, Svolsviki og Djuvik) er sterkt trafikkerte, smal og uoversiktlege. Dessutan er desse strendene heller ikkje tilgjengelege for funksjonshemma.

Ein fin, opparbeidd badeplass/friområde i Vik sentrum er og god reklame for heile Vik kommune.

Fresvik:

Vedlikehald/utviding av skiløypa i Skard:

Rundt skiløypa i Skard er det i dag opparbeidd ein trase til skiløype. Denne traseen er snøsikker heile vinteren, i motsetnad til den eksisterande lysløypa lenger framme i dalen. Leiaren i IL Modig opplyser om at idrettslaget framleis arbeider med planane for utbetring av skiløypa.

6. DEFINISJONAR OG KOMMUNAL PRIORITERING

6.1 Definisjonar

Anlegg for friluftsliv og nærmiljøanlegg skal prioriterast på linje med andre idrettsanlegg. Ein ser det som viktig at det vert prioritert fleirbruksanlegg. Dette på grunn av at det oppstår eit sosialt miljø og at familiemedlemmar i alle aldrar kan vera i aktivitet samstundes.

Friluftsliv:

Gjennom revisjon av Friluftsløve i 1996 fekk denne ein ny føremålsparagraf:

" Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennehetens rett til fri ferdsel, opphold m.v i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselsskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes".

Friluftsanlegg:

Er t.d. badeplassar, turstiar, turvegar, skiløyper/skileikområde og tiltak som elles skal leggja til rette for friluftsliv.

Idrett og friluftsanlegg:

Kålsete skianlegg har ført til at kommunen har eit flott skianlegg, med ulike tilbod for folk i alle aldrar. Kålsete skianlegg er eit flott anlegg som i høgste grad også gjev gode høve for å utvikla Vik som eit godt alternativ til dei meir kjende vintersportstadene i og ut av fylket. Kålsete skianlegg er eit viktig aktivitetsområde i Vik kommune, og er truleg eit av dei viktigaste områdi for eigenorganisert aktivitet om vinteren, for heile kommunen. Ein er og i starten av utbygging av eit større hyttefelti området ved skianlegget. Denne utbyggingi vil kanskje på sikt og stilla større krav til kapasitet og kvalitet til skianlegget.

Idrettsanlegg:

Med fotballag i 3 divisjon, har kommunen ei utfordring med å leggja til rette for anlegg som både tilfredsstillar vidare utvikling, og som i tillegg greier å halda oppe interessa og rekrutteringi. Det er stor trong for avlastningsfelt for treningar og gjennomføring av kampar, særleg innan aldersbestemt fotball. Vik fotball er den største gruppa i Vik Idrettslag, med 240 aktive medlemmar. Vik Idrettslag har laga eit prosjekt på utvikling av Vik Idrettspark. I denne samanhengen er det sjølvsagt og viktig å ha med utvikling av nærmiljøanlegget på området mellom banene. Dette området vert i dag nytta av utruleg mange born og unge, samt både av småskulen og barnehagane. Målsettingi er å få på plass eit nærmiljøanlegg som og kan nyttast av born og unge på vinterstid.

Samstundes har og løpebana eit stort behov for rehabilitering. Bana er med dei dårlegaste i fylket.

Det er og stor trong for turveggar i Flatbygdi.

Idrettsanlegg vert gjerne klassifisert i følgjande 4 grupper avhengig av kva geografisk område eit anlegg skal dekke og den idrettslege funksjonen anlegget skal ha:

1. **Nærmiljøanlegg:** Dette er enkle anlegg som vert lokalisert og bygd ut som ein del av nærmiljøet og aktivitetsområdet i bygda. Anlegget skal vera ope for alle, og ikkje knyttast til organisert idrett.
2. **Kommuneanlegg:** Eit kommuneanlegg bør vera slik bygt ut at det er mogleg å arrangera konkurransar på krinsplan, samt ev nasjonale konkurransar.
3. **Fylkesanlegg:** Fylkesanlegg er bygt ut slik at det er mogleg å arrangera norske meisterskap/internasjonale turneringar og/eller lokalisert og dimensjonert slik at det dekker trongen for heile fylket eller ein region i fylket.
4. **Riksanlegg:** Riksanlegg er bygt ut slik at det kan arrangerast norske og internasjonale meisterskap/turneringar.

6.2 Regionalt samarbeid

Kultur og Kyrkjedepartementet har gjeve signal om at kommunane i fylket bør samarbeida meir om større anlegg og fysiske aktivitetar. Samarbeidet kan resultera i større brukargrunnlag som kan gje sikrere drift av anleggi og opna for større mangfald i fysisk aktivitet. Intensjonane bak dette er flotte. Ut i frå dette kunne t.d. Vik kommune ha nytt godt av relativt nye anlegg i nabokommunane. Geografisk sett ligg likevel Vik kommune slik til at me må reisa i 1 - 1,5 time pr veg for å ta del i anlegg i nabokommunane. Dette gjev både store reisekostnader, og det tek tid. På bakgrunn av dette må Vik kommune i stor grad ha eigne anlegg, men sjølvstøtt og ha auga for

at gode nok kommunikasjonar på sikt, og kan føra til større regionale samarbeid innan og ut av fylket.

6.3 Kriterium for den kommunale prioriteringi for vidare anleggsutbygging

1. Rikspolitiske retningslinjer - skil mellom nyanlegg, rehabilitering og nærmiljøanlegg
2. Kommunen sin økonomi og vedtekte satsingsområde
3. Dokumentert behov og eit sterkt engasjement frå grupper/lag
4. Det må liggja føre godkjend teknisk plan. I tillegg må det liggja føre kostnadsoverslag, finansieringsplan og driftsplan for anlegget.
5. Grunnsprøsmålet må vera avklara i samsvar med retningslinjer frå Kultur og Kyrkjedepartementet.
6. Nye anlegg bør supplerast eksisterande anlegg ved at fleire kan nytta anleggi samstundes og ved at nye brukargrupper kjem til/frå lokalmiljøet eller i turistsamanheng.

6.4 Prioritering av anlegg i planperioden (4 år)

I prioriteringi er det teke omsyn til rikspolitiske retningslinjer for born og unge, og ein satsar på tiltak som er trivselsskapande og inkluderande.

Kategori 1: Ordinære anlegg:

1. Turvegar i Flatbygdi. Byggjesteg 1:
 - Ara - Idrettsparken - Kålhagen
 - Hopperstad - Hove
2. Opprusting/rehabilitering av Vik Idrettspark:
 - kunstdekke løpebana
3. Opprusting/rehabilitering av Vik Idrettspark:
 - kunstgrasbane Øyane
4. Opprusting/rehabilitering av Vik Idrettspark:
 - trafikkområde.

5. Kommuneanlegg - skytebane Svidlangmyri
6. Turveg langs Vikja. Byggjesteg 2.

Kategori 2: Nærmiljøanlegg:

1. Nærmiljøanlegg Vik Idrettspark (området mellom banene)
- 7-arbane grus/skøytebane Øyane.
2. Nærmiljøanlegg Vik Idrettspark (området mellom banene) -
friområde /bålplass og sandvolleyballbane.

7. MÅL OG STRATEGIAR

7.1 Nasjonale mål og strategiar

For å sikra at anlegg er behovstilpassa og idrettsfunksjonelle, og for å sikra at det vert teke omsyn til estetikk og miljø, skal planane for det einskilde anlegg førehandsgodkjennast av kommunen eller staten (idrettshallar og andre større anlegg).

Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogleg kan driva idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har ikkje ansvar for å etablera anlegg for alle typar idrett og nivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og naudsynt at ein vurderer behovet på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den samanhengen framhevar staten at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar er barn (6 - 12 år) og ungdom (13 - 19 år). I St meld. Nr 14 (1999 - 2000) *idrettslivet i endring*, heiter det m.a. følgjande:

" Den samla anleggsmassen skal gi flest mulig anledning til å drive idrett og fysisk aktivitet" og " den statlige idrettspolitikken skal bidra til at befolkninga har et bredt spekter av lokalt forankra

aktivitetstilbod, både i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten og gjennom mulighet for egenorganisert aktivitet”.

7.2 Friluftsliv

St.meld nr 39 (2000 - 2001) definerer friluftsliv som " Opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving”.

Statlege strategiske mål:

Alle skal ha høve til å driva friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

- Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd.
- Barn og unge skal få høve til å utvikla dugleik i friluftsliv.
- Området av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at det fremjar miljøvenleg ferdsel, opphald og hausting, og at naturgrunlaget vert teke vare på

7.3 Fysisk aktivitet og folkehelse

Handlingsplanen for fysisk aktivitet 2005 - 2009 er ei nasjonal mobilisering for betre folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet førebygg ei rekkje sjukdommar og er ei kjelde til glede, livsutfalding og positive meistringsopplevingar (St.meld. nr 16, 2002 - 2003) *Resept for et sunnere Norge*).

Folkehelseprogrammet er kommunen si tverretatlege satsing på folkehelse (sjå nærare omtale i kap 3).

7.4 Universell utforming

Aktiv deltaking og full likestilling for alle er eit overordna mål for staten. Kultur og Kyrkjedepartementet har utarbeida reglar for

korleis idrettsanlegg skal tilretteleggast for alle brukarar (V-511).
Tilrettelegging er ein føresetnad for tilskot frå spelemidlane.

Dette ansvaret ligg på lag og organisasjonar i planlegging, bygging og drift av sine anlegg.

7.5 Regionale mål og strategiar

I Fylkesplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse, er det eit overordna mål m.a. at:

- *idrett, friluftsliv og anna fysisk aktivitet som er helsefremjande, går føre seg for det meste i lokalmiljøet. Tilrettelegging som innbyr til aktivitet - både organisert og eigenorganisert - er avgjerande for å fremja aktivitet.*
- *offentlege planar og tiltak må leggja vekt på tilrettelegging for fysisk aktivitet og stimulering av frivillig arbeid.*

Om strategi, seier Fylkesplanen m.a. følgjande:

- *arbeida for at alle idrettsanlegg som er bygde med tilskot frå spelemidlar vert gratis tilgjengelege for barn og ungdom under 19 år.*
- *stilla krav til anlegg i nærmiljøet som kan samla unge om aktivitet.*

Om strategi for friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse, seier Fylkesplanen m.a. følgjande:

- *friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd for alle, m.a. ved å leggje til rette for det enkle, tradisjonelle friluftslivet på naturen sine premissar.*
- *kommunane skal ta ansvar for meir fysisk aktivitet for innbyggjarane generelt, og synleggjera dette i kommunalt planarbeid.*
- *born og ungdom som ikkje finn seg til rette i organiserte aktivitetar, skal få hjelp til å finna attraktive aktivitetar i nærmiljøet og i naturen.*

7.6 Førebyggande arbeid for born og unge i Vik kommune

Førebyggande arbeid og samarbeid er nedfelt i ei rekkje lover og reglar som t.d:

- Lov om barnevern: "barnevernets forebyggende virksomhet" (§ 3 - 1), "samarbeid med andre deler av forvaltninga" (§ 3 - 2), og "samarbeid med frivillige organisasjoner" (§ 3-3).
- Opplæringslovi
- Barnehagelovi
- Politilovi (§ 1,13,14, politiinstruksen § 15 - 1).
- Lov om sosiale tenester (§ 1-1 og 3-1)
- Alkohollovi: føremål å avgrensa alkoholskade (§ 1-1) og krav om alkoholpolitisk handlingsplan (§ 1-7d).

I rundskriv Q-16/2007 om "Forebyggende innsats for barn og unge", heiter det m.a. at "*Forebygging innbefatter alt frå det som gjørest for å skape gode og trygge lokalsamfunn til innsats som spesielt retter seg mot å begrense, stanse eller snu en negativ utvikling*".

Generelt førebyggande arbeid vert og kalla *primærførebygging*. Denne innsatsen rettar seg mot alle born og unge, og skal hindra at problem eller negativ utvikling oppstår.

Vidare i rundskriv Q-16/2007, heiter det m.a. at "*Grunnlaget for et godt forebyggende arbeid legges gjennom en helhetlig satsing på et oppvekstmiljø som inkluderer alle, og hvor alle blir sett og får benyttet sine ressurser. Et godt oppvekstmiljø skapes gjennom et tett samspill mellom kommunen og positive krefter i lokalsamfunnet, som frivillige organisasjoner, barn og ungdom sjølv, foreldre og andre grupper og ildsjeler som ønsker å gjøre en innsats. Engasjement og trygge møteplasser skaper og opprettholder levende lokalsamfunn. Det er viktig at alle barn og unge i lokalsamfunnet kan delta på slike møteplasser*".

Idrettslagi i kommunen utgjer den største, førebyggande arena for born og unge i Vik kommune. Den friviljuge innsatsen som vert lagt ned rundt om i dei ulike gruppene av idrettslag, er av utruleg stor verdi. Dei aller fleste born og unge i Vik kommune er med i ei eller anna form for aktivitet her.

Det er likevel nokre som av ulike årsaker ikkje er med på organiserte aktivitetar. Difor er det og det offentlege sin rett og plikt, og leggja til rette for gode møteplassar, og nærmiljøanlegg, som vidare legg til rette for uorganiserte aktivitetar og leik. Av erfaring ser me at nærmiljøanleggi, og ballbingene som er sett opp rundt omkring i kommunen, er i bruk heile dagane og kveldane. Dette er og ein viktig samlingsplass for born og unge.

7.7 Kommunale mål og strategiar

I kommuneplane for Vik kommune 2005 - 2008, er hovudmålet at "Kommuneplanarbeidet skal forankrast i naturgjevne og menneskeskapte ressursar". Eit av delmåli i planen (for oppvekst) er m.a. " sikring av gode og trygge oppvekstvilkår" .

Tilbodi innan idrett, fysisk aktivitet og folkehelse gjev m.a. gode og trygge oppvekstvilkår for born og unge i Vik kommune.

Det store spennet i naturen i Vik kommune med bre, sjø og høg fjell, gjev varierte tilbod for idrett og friluftsliv. Dette er viktig for oss alle!

Idrettslagi i kommunen har ulik grad av tilbod og aktivitetar. Lagi utgjer ein viktig del for trivsel og integrering, og mange av desse tilbodi har vore svært viktige for dei nye borgarane i kommunen.

Strategiar:

5. Me skal prioritera drift, vedlikehald/rehabilitering og bygging av anlegg slik at born og unge kan driva allsidig aktivitet.
6. Samarbeid om bruk av uteområde på alle skuleområde som gjev plass til eigenorganisert aktivitet.
7. Prioritera bygging av turveggar som aukar trivselen for **alle**
8. Opparbeida og ta vare på nærmiljøanlegg

1. ØKONOMI OG HANDLINGSPROGRAM

8.1 Økonomi

Den reviderte planen skal knytast til økonomiplanen.

Vik kommune har store økonomiske utfordringar i planperioden. Det er likevel viktig at kommunen innarbeider turvande midlar til prioriterte tiltak. Den økonomiske stoda til Vik kommune fører og til at ein så langt som råd er ser på andre moglege finansieringskjelder. Særleg gjeld dette til finansiering av større tiltak knytt til Vik idrettspark.

I skrivande stund er ikkje økonomiplanen i Vik kommune klar til å sendast som vedlegg til planen. Vik IL arbeider med å få klar finansieringsplan for dei større tiltaki knytt til Vik idrettspark. Dette vert klart i god tid før søknadsfristen for tippemidlar, 15.01.09.

8.2 Handlingsprogram 2008 - 2012 Vik kommune (sjå og eige vedlegg)

Prioritet 1: Nyanlegg:

Anlegg: Fullføring av Vik skisenter

Prioritet 2:

Anlegg: Turstiar i Vik (knytt til prosjektet "Samordning for utvikling rundt kulturminne i Vik". Hopperstad via Kålhagen til Moahaugane/Hove (ny gangbru over Hopra).

Kostnad: 1,4 mill

Kategori: Nyanlegg

Finansiering: (tiltaket ligg inne i kommunen sin økonomiplan)

Vik kommune: 550.000

Andre: 150.000

Tippemidler: 700.000

Sum finansiering: 1400.000

Prioritet 3:

Anlegg: Rehabilitering/opprusting av Vik Idrettspark: Nytt kunststoffdekke Vik stadion

Kostnad: 7,7 mill

Kategori: Nyanlegg

Finansiering: vert å koma attende til

Prioritet 4:

Anlegg: Rehabilitering/opprusting av Vik Idrettspark: Kunstgrasbane Øyane

Kostnad: 5,6 mill

Kategori: Nyanlegg

Finansiering: Vert å koma attende til

Prioritet 5:

Anlegg: Rehabilitering/opprusting av Vik Idrettspark:

Trafikkområde

Kostnad: 985.000

Kategori: Nyanlegg

Finansiering: vert å koma attende til

Prioritet 6:

Anlegg: Kommuneanlegg - skytebane Svidlangmyri

Kostnad: Ikkje kostnadsrekna enno

Kategori: Nyanlegg

Prioritet 7:

Anlegg: Oppgradering av skytebana på Tenne

Kostnad: 150.000

Kategori: rehabilitering av eksisterande anlegg

Prioritet 8:

Anlegg: Turveg langs Vikja. Byggesteg 2.

Kostnad: ikkje kostnadsrekna enno

Kategori: Nyanlegg

Prioritet 1: Nærmiljøanlegg

Anlegg: Nærmiljøanlegg Vik Idrettspark: friområde /bålplass og sandvolleyballbane.

Kostnad: 750.000

Kategori: Nærmiljøanlegg

Prioritet 2:

Anlegg: Nærmiljøanlegg Vik idrettspark (område mellom banene)Ballbinge.

Kostnad: 380.000

Kategori: Nærmiljøanlegg

Finansiering:

Vik kommune: 140.000

Dugnad/ Vik IL: 50.000

Sogn og Fjordane fylkeskommune 190.000

Sum finansiering 380.000

Planen vart handsama i Vik kommunestyre 21.12.2009:

21.12.2009 KOMMUNESTYRET

KS-048/09 VEDTAK:

Handlingsprogram i temaplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2008 - 2012 får følgjande prioritet:

Ordinære anlegg:

1. Turstiar i Vik (knytt til prosjektet " Samordning for utvikling av kulturminne i Vik" - Ara - Hopperstad - Hove.
2. Rehabilitering/opprusting av Vik idrettspark: nytt kunststoffdekke Vik stadion
3. Rehabilitering/opprusting av Vik idrettspark: kunstgrasbane Øyane
4. Rehabilitering/opprusting av Vik idrettspark: trafikkområde
5. Kommuneanlegg - skytebane Svidlangmyri
6. Oppgradering av skytebana på Tenne

7. Turveg langs Vikja

Det vert ikkje sendt søknad om tippemidlar til nærmiljøanlegg.

Samrøystes